

Naar sundag kjeme

Tone: Til lags aat alle kan ingjen gjera

1) Naar sundag kjeme ein faar eit byte
eit skuvl i koppar i kar aa gryte
aa heile huslyden rein aa fjelg
aa so paa gamalvis halda helg

2) Daa kvardagsarbei me legg tilsies
til heilagdomen skal alt indvies
ein læs aa syng, aa ein spelar kort
men længsta stundi den søv ein burt

3) Da er so gildt til aa væra saman
kun eta, drikka aa halda gaman
um sundaghelgi daa er ein fri
aa du! aa du! for ei gilde ti

4) Daa kan eg kjøra, daa kan eg rida
daa kan eg elska hev lov aa fria
i selskap væra kva gjer no da
ein spela, dansa aa hugnad ha

5) Til kyrkja ganga blandt slegt aa vener
dar finn eg no baate han aa henne
dar kan eg fretta fra bygd aa grend
dar ser eg glupt korleis klædi stend

6) So mangt ein skipa, med mangt ein kava
smaaborn ein døypa, aa lik ein grava
ei brur skal vigslast, de' masjonsdag
aa mykje anna i ymse drag

7) Um sundag fell det so lett aa lagleg
daa kan ein ordna seg greitt aa sagleg
kan kjøpa, selja, betala skatt
ein hev det fyr seg, det gjeng so glatt

8) Um sundag daa hev ein tid aa grunna
Daa kan ein sov, daa kan ein blunna
aa sjaa paa vinning, aa sjaa paa tap
fullt desidera sitt rekneskap

9) So er det eitt aa so er det anna
da let seg vel, ein kan varur blanna
du veit de' svert kva ein no finn paa
i helgabunad me me kan da sjaa

10) Um sundag samla ein alt ein hugsa
daa hev ein tid til aa slarva, rogsa
ein bær utyver baa ditt aa dat
ein gjere byte, faar mykje att

11) Aa sundagshelgi er ve benytta
te draga, bera aa fara flytta
da fell so søtt, økonomisk smak
naar ein kan spara ein sognedag

12) Skal kyrkja vigslast aa presten flytja
aa bispen kjeme daa alle tykkja
de' gildt aa fara aa komma ut
Aa du! aa du! fyr ei kyrkjesut

13) Du sundag, sundag du er so grepa
te fara, koma, aa alting skipa
me gled os til deg kvar sognedag
du er so gilde ein mætnadag